



Idrettslaget Syril sitt inkluderingsfond

Retningslinjer for deg som ønskjer å søkje støtte hjå Idrettslaget Syril sitt inkluderingsfond

Føremål

Fondet sitt føremål er å bidra til inkludering og motverke utanforskap for barn og ungdom i Syril, som elles ikkje kunne deltatt på grunn av private økonomiske tilhøve.

Kven kan søkje om støtte?

Ein legg til grunn låg terskel for å kontakte fondsforvaltinga. Fondsforvaltinga kan kontaktast av trenarar, lagleiar, føresette, barnet sjølv eller andre på vegne av barnet og det kan søkast via [søknadsskjemaet](#).

Vilkår for å få støtte

Den som kan få støtte støttest lyt vere barn og ungdom opp til 18 år og vere medlem i Syril og aktiviteten lyt vere i regi av Syril. Den det blir søkt om støtte for lyt samtykkje til at dette blir gjort. Ved spesielle høve kan ein vurdere å gi støtte til medlemmar som er eldre.

Kva kan ein søkje støtte til?

Midlar frå fondet kan tildelast eit breitt spekter av aktivitetar. Eksempel kan vera dekking av treningsavgift, eigenandel på cup, eigenandel reise, til kjøp av personleg utstyr ein nyttar under trening m.m. eller eigenandel ved sosiale tilstellingar utøvaren deltek på. Merk at ein ikkje kan søkje om støtte til dekking av medlemsavgift i Syril.

Vurdering og behandling av søknad

Fondsforvaltinga har ansvar for å vurdere søknader. Forvaltinga kan prioritere dersom det blir nødvendig ut frå dei økonomiske rammene som ligg føre. Med bakgrunn i fondets føremål og spesielle tilhøve, føreset ein full konfidensialitet i alle saker. Fondsforvaltinga skal ikkje dele informasjon om personar utan at det er gitt samtykke.

Ved godkjent søknad

Ved godkjenning av søknad, kan ein få tildelt midlar som dekkjer utgiftene i si heilheit eller deler av utgiftene.

Utbetaling av midlar og krav ved tildeling av midlar

Fondsforvaltinga vil i dei fleste tilfelle syte for betaling av utgifter direkte til den som skal ha stønaden. Ved overføring av midlar til enkeltpersonar, vil det bli stilt krav om dokumentasjon og det skal leverast dokumentasjon av bruken av midlane til fondsforvaltinga. Den som mottok midlane er ansvarleg for å levere denne dokumentasjonen.

Fondsforvaltinga

Fondsforvaltinga er ansvarleg for å utføre utbetaling av midlar frå fondet. Fondsforvaltinga består frå 2023 og fram til arbeidsutvalet i SYRIL fastset noko anna, av fondsleiar Reimund Breisnes Loven og Nils Magne Slinde. Forvaltinga kan kontaktast på e-post: inkluderingsfondet@syril.no